



Tunnelrehabilitering

Rv. 9 Fånefjelltunnelen, Bygland

JUNI 2018

Mai 2018 starta arbeida med å rehabiliterare Fånefjelltunnelen på riksveg 9 i Bygland.

Tunnelen blir heilt stengt i perioden frå og med måndag 27. august til og med torsdag 27. september. Deretter blir det ein trevekers periode der tunnelen er stengt frå kl. 2000 til kl. 0600. Tunnelen vil då vera open på dagtid.

I stengningsperiodane blir det omkøyning på fylkesveg 305 og 304 mellom Byglandsfjord og Storestraum. (Sjå kartet).

Før stenginga 27. august skal det gjerast ein del arbeid utanfor tunnelen. Behov for tiltak på omkøyringsvegen, fylkesveg 304, på vestsida av Byglandsfjord, består i hovudsak av påkravt vedlikeholdsarbeid og mellombelse tryggleikstiltak for at veggen skal tole den auka trafikkmengda.

Lette køyretøy kan køyre som normalt på omkøyringsvegen, mens det blir kolonnekøyring med ledebil for tunge køyretøy. Trafikkmengda i Fånefjell er på rundt 1600 køyretøy døgnet.





Fånefjelltunnelen blei opna i 1962. (Arkivfoto).

18-0883 visuell.kommunikasjon.no

Arbeida som skal utførast i Fånefjelltunnelen

- All tryggingstrusting skal skiftast ut. Tunnelen får ny belysning, nødsamband, brannslukningsapparat, nødtelefonar og nytt og betre samband med Vegtrafikksentralen. Det skal byggjast nytt overvatnsanlegg inne i tunnelen samt reinseanlegg for vaskevatt utanfor tunnelen.
- Det skal bli fornying av dagens vatn- og frostsikring for å unngå drypp og isdanningar inne i tunnelen.
- Det skal byggjast nytt nødfortau gjennom heile tunnelen.
- Det skal setjast opp eit nytt teknisk bygg på sørsida av tunnelen.
- Det blir utviding av fjellskjæring nord for tunnelen for å betre siktforholda på staden.
- Det blir tilrettelagt for parkering litt sør for tunnelen i samanheng med gammal tursti over Fånefjell
- Det skal bli eige system for gåande og syklende som kan trykke på ein knapp som skruer på eit skilt som varslar bilistane om at det er gåande og syklende i tunnelen. Samstundes blir det meir lys i tunnelen.

Fylkesveg 304 på vestsida av Byglandsfjorden skal nyttast som omkøyringsveg. Før det blir meir trafikk på vegen skal det gjerast fleire tiltak:

- Setjast opp nytt vegrekkverk nokre stader
- Fjerne vegetasjon og betre sikta
- Reparere og asfaltere vegbana nokre stader
- Oppruste gjeldande og etablere nye møteplassar langs vegen

Når Fånefjelltunnelen blir stengd blir det arbeidt heile døgnet.

Arbeida på staden skal vere heile ferdig i løpet av november 2018.



Du kan finne meir informasjon om byggjeprojektet på vegvesen.no: [vegstell.no/tunnelersor](http://vegvesen.no/vegstell.no/tunnelersor)



Vi er på Twitter.
Følg oss på:
www.twitter.com/vegvesensor



Vi er på Instagram.
Følg oss på:
www.instagram.com/statensvegvesensor

Byggeleder Steffen Køhler
E-post: steffen.kohler@vegvesen.no
Mobil: 952 53 137

Kommunikasjonssjef Lars Helge Rasch
E-post: lars.rasch@vegvesen.no
Mobil: 901 01 005